



Leseplan for Klepp kommune

Overordna mål: Elevar i skulen i Klepp skal utvikla god lesedugleik.

Dette inneber leseopplæring i alle fag og på alle steg. Dette er eit ansvar for alle leiarar og lærarar i Klepp kommune.

Alle barn og unge i Klepp kommune skal få ei leseopplæring som er med på å skape engasjement og ambisjonar for lesing. Dei skal få utvikle språkleg dugleik og kunne kode om. Leseopplæringa skal også syte for at dei kan lese med forståing og bruke kunnskapen i eiga lesing og læring.

Lesing er grunnleggjande for anna læring, personleg utvikling og deltaking i samfunnet. Lesing dreier seg ikkje berre om teknikk og dugleik. Tileigning av lesedugleik skjer ofte gjennom dei gode opplevingane med litteratur og tekst. Det må derfor leggjast vekt på gode leseopplevingar gjennom alle grunnskuleåra.

Leseplanen for Klepp kommune er ein felles plan som skoleeigar, rektorar, alle lærarar og PP – tenesta har vore med å jobbe fram. Dette er ein plan som alle partar skal kjenne godt til og forplikta seg til å arbeide etter.

Planen er delt inn etter følgende kriterium :

Del 1: Å skape engasjement og ambisjonar

Del 2: Å utvikle språkleg dugleik

Del 3: Å kunne kode om

Del 4: Å lese med forståing

Kvart av disse punkta er også delt inn i underpunkt.

Inndelinga er slik for klassestega:

- 1 – 4 steg
- 5 – 7 steg
- 8 – 10 steg

Leseplanen for Klepp kommune byggjer på:

- Læreplanen sine kompetansemål og lesing i alle fag
- Lesesenteret sitt rettleiingsmateriell – *Lesing er...*
Det er særleg tatt utgangspunkt i hefta *Fagbok i bruk, Lesing er...*,
Bok i bruk
- Lesesenteret sitt observasjonsmateriell *Leselos*

DEL 1: Å SKAPE ENGASJEMENT OG AMBISJONAR

Dei fleste elevar startar skulen med stor motivasjon og høge forventingar til å lære å lese. Derfor vert det spesielt viktig å lukkast med lesinga. Elevane må difor få gode lese- og meistringsopplevingar, uavhengig av dugleiksnivået deira. Meistring fører til motivasjon og gode leseopplevingar som er med på å fremje leseutviklinga til den einskilde eleven.

1.1. Å skape engasjement og ambisjonar 1 – 4 trinn.

Tilgang til bøker/ litteratur

1. Det skal vere bokkasse/klassebibliotek på kvart trinn med 4 bøker per elev. Bøkene må stillast ut, eller gjerast synlege i klasserommet. Bokkassen skal skiftast to gongar kvart semester.
2. Nytte småbøker for repetert lesing kvar veke.
3. Elevar skal alltid ha tilgang til ulike typar litteratur: skjønnlitteratur, faktabøker, småbøker, magasin/tidsskrift, teikneseriar, aviser, internett og fagbøker.
4. Alle klassar skal ha ei tidsskriftkasse i klasserommet.

Korleis sikre at elevane les nok bøker/ tekstar/ litteratur?

1. Elevane skal kvar dag ha repetert lesing og lesing av sjølvvald tekst.
 - 1.a. Repetert lesing av tekst / småbok.
 - 1. og 2. trinn. Ei bok i veka.
 - 3. og 4. trinn. Ei ny bok eller lengre tekst kvar veke.
 - 1.b. Sjølvvald lesing på skulen kvar dag tilpassa kvar elev
 - 1. og 2. trinn – 15 minutt
 - 3. og 4. trinn- 20 minutt

2. Det skal førast leselogg
3. Elevane på alle fire trinna skal saman med lærar, få velje noko litteratur etter evne og interesser.
4. Lesing heime kvar dag i 15 minutt for alle fire trinna.
5. Det skal vere tilbakemelding/kontroll frå foreldra på lesinga heime. Denne tilbakemeldinga skal skje kvar veke.

Høgtlesing

1. Lærar skal lese høgt for elevane kvar dag i 15 minutt.
2. Elevar på 3. og 4. trinn skal lese høgt for andre elevar kvar veke.

Litteraturformidling

1. Litteraturformidling skal skje ved kvart bytte av bokkasse. Bokkassen skal skiftast minst to gongar kvart semester.
2. Minst ein gong i halvåret skal elevane presentere litteratur for kvarandre.
3. Minst ein gong i året skal ein "lesegjest" presentere bøker for elevane.
4. Minst ein gong i løpet av 1. – 4. trinn skal elevane oppleve eit forfattarbesøk.

Leseprojekt

1. Ein gong i året skal det vere eit skjønnlitterært leseprosjekt.
2. Ein gong i året skal det vere eit faglitterært bokprosjekt.

Foreldra si rolle

1. Kvar haust skal det informerast om lesing og forventningar til foreldra.
2. Foreldra skal på alle fire trinna få rettleiing og kurs om lesing. Dette skal skje gjennom foreldremøte, gjennom utviklingssamtalar eller på vekeplanen.

1.2. Å skape engasjement og ambisjonar 5. – 7. trinn.

Tilgang til litteratur

1. Skulebiblioteket skal ha ny aktuell litteratur som er tilpassa ulike elevgrupper.
2. Elevane skal årleg besøka eller ha besøk frå Klepp bibliotek
3. Samarbeidet med Klepp bibliotek om lån av bokassar. Bokkassen skal skiftast minst to gongar kvart semester.

Individuell lesing

1. Elevane skal lese sjølvvald litteratur kvar veke, både skjønnlitterære bøker og fagbøker.
2. Eleven skal føre leselogg heime og på skulen. Foreldra skal signere.
3. I løpet av veka skal elevane lese litteratur minimum 60 minutt, til dømes 15 minutt 4 dagar i veka.
4. Elevane skal ha leseleksar kvar dag – til vanleg 20 minutt. Noko av leseleksa bør vere i andre fag enn norsk.

Høgtlesing

1. Dei vaksne les minimum 45 minutt frå ei skjønnlitterær bok kvar veke.
2. Alle elevane skal lese høgt for medelevar eller vaksne kvar veke. Dei kan lese skjønnlitterære tekstar eller fagtekstar.

Litteraturformidling

1. Det skal presenterast minimum 10 bøker i løpet av eit år på kvart steg.
2. Besøk av eksterne litteraturformidlarar kvart år, (bibliotekar, "leseledar", lesegjest)
3. Besøk frå biblioteket eller besøk til biblioteket kvart år.
4. Elevane skal presentera minimum ei bok i halvåret til dei andre i klassen.

Leseprosjekt

1. Kwart trinn skal ha to årlege leseprosjekt, eit prosjekt som er lesestimulerande og eit som er leseoppdragande. Prosjekta skal omfatta enten fagtekstar eller skjønnlitteratur.

Foreldra si rolle

1. Lesing skal vera tema på foreldremøte og på utviklingssamtalar kvart år. Foreldra skal få informasjon og rettleiing om korleis dei kan vera rollemodellar og korleis dei kan påverke og hjelpe barna til å bli gode og aktive lesarar.
2. Dei føresette skal høyre eleven lese høgt frå leseleksa og samtale om det dei les, minimum ein gong i veka.

1.3. Å skape engasjement og ambisjonar 8. – 10. trinn

Tilgang på litteratur/ lesestoff

1. Alle klassar skal ha minimum to bibliotekbesøk i året. Dette kan føregå ved anten besøk til skulen eller besøk på biblioteket.
2. Det skal vere besøk av ein "lesegleidar" ein gong i året.
3. Skulebiblioteket må ha eit breitt utval av bøker i alle sjangrar, tidsskrift, vekeblad og teikneseriar.
4. Elevane skal ha tilgang til nettadresser til litteratur på nett tilgjengelege i klasserom, på arbeidsplass og på skulebibliotek.

Sikre nok lesing / individuell lesing

1. Alle elevar skal ha minimum ein lesetime pr veke på skulen. Denne timen kan delast mellom stillelesing og høgtlesing.
2. Lekse: Lese 3 dagar i veka i 30 minutt. Ein av dagane skal det skrivast leselogg. Leseloggen skal underskrivast av føresette. Det kan varierast mellom faglitteratur og skjønnlitteratur.

Høgtlesing

1. Elevane skal lytte til minimum ei bok i halvåret. Boka kan lesast av lærar, ein kan nytte lydfil eller lese høgt for medelevar.
2. Elevane skal få både faglitterære og skjønlitterære tekstar som lytteopplevingar.
3. Elevane skal lese høgt i alle fag, i den daglege undervisninga og i presentasjonar.

Leseprojekt

1. Det skal vere eit skjønnlitterært leseprosjekt kvart år.
2. Det skal vere eit faglitterært leseprosjekt kvart år.

Litteraturformidling

1. Det skal organiserast eit felles forfattarbesøk for alle ungdomsskuleelevane i kommunen i løpet av den enkelte si tid på ungdomsskulen. Ungdomsskulane tek ansvar på rundgang.
2. I løpet av 8. trinn skal lærar nytte "Bok som inspirasjon" for skriving av faglitterær- eller skjønnlitterær tekst.
3. Gjennom det daglege arbeidet med lesing i alle fag skal elevar få øving i å presentere lærestoff munnleg for kvarandre ved hjelp av eit variert utval av læringsstrategiar.
4. Kvar elev skal minimum framføre ei bokmelding i halvåret.
5. Bokmeldingar frå elevar skal oppbevarast på mediatek, i perm eller som oppslag der bøkene er å finne.

Føresette si rolle/ skule heim samarbeid.

1. Dei føresette skal følgje opp lesinga heime gjennom samtale om det dei har lese.
2. Føresette skal signere leselogg og forsikre seg om at arbeidet er gjort.
3. På foreldremøte gjennom heile ungdomsskulen skal foreldra få påfyll og ny kunnskap om lesing og lesestrategiar.
4. Føresette må orientere seg på skulen si heimeside og/eller på vekeplanen i forhold til leseleksar, leseprosjekt og lesesatsinga.
5. Føresette må leggje til rette for lesing i heimen og stimulere til å bruke bibliotek, aviser, vekeblad, skulebøker, tidsskrift og internett.

DEL 2: Å UTVIKLE SPRÅKLEG DUGLEIK

Språkleg dugleik er det emnet i planen som sterkast påpeikar forholdet mellom dei grunnleggjande dugleikane å kunne lese, å kunne uttrykke seg skriftleg og å kunne uttrykke seg munnleg. Denne delen av planen tar i vare læresamtalen og å skrive for å lære som metodar.

I læreplanen blir lesing skildra i dei ulike faga med verb som; gjere, stille spørsmål, samtale om, fortelje, argumentere, formidle, skildre, utforske, uttrykke, presentere, reflektere og samanlikne. Desse dugleikane blir utvikla gjennom å arbeide med tekstar, samtale og tekstskaping. Elevane skal få erfaring med ulike typar tekstar som gjer rom for drøfting, samtale og argumentering.

Eit viktig undervisningsprinsipp er å sikre variasjon av metodar i alle fag. Kvar lærar har ansvar for å arbeide med tekst og innlæring av omgrep i si undervisning.

2.1. Å utvikle språkleg dugleik 1. – 4- trinn

Munnleg arbeid med tekst og ord.

- Elevane skal jamleg bruke læresamtalen ved hjelp av ulike strategiar og metodar.
- Elevane skal alltid reflektere saman før, under og etter lesing.
- Elevane skal ha ein munnleg presentasjon minst to gonger i året. Dei kan då bruke skriftleg eller visuell støtte. Alle elevar skal få gjere det på sin måte og på sitt nivå.
- Elevane skal kunne gjenfortelje frå opplevde tekstar minst ein gong i halvåret.

Skriftleg arbeid med tekst og ord.

- Elevane skal jamleg nytta skriving som del av arbeidet med forståing. I samband med lesinga skal elevane møte prosesskriving (skriving/ notat/ teikning som elevane bruker for å forstå det dei les) og produktskriving.

- Elevane skal ha skriftlege presentasjonar av arbeid med tekst, minimum tre gonger kvart halvår.

2.2. Å utvikle språkleg dugleik 5. – 7. trinn.

Munnlege aktivitetar:

- Elevane skal jamleg nytte læresamtalen i grupper og i par.
- Elevane skal ha individuelle framføringar, t.d. presentasjonar, minimum to gonger i halvåret.
- Læraren skal jamleg modellera munnleg forteljing og formidling av elevane sine tekster.
- Elevane skal gje munnlege tilbakemeldingar til medelevane sine presentasjonar, minimum to gonger i halvåret.

Skriftlege aktivitetar:

- Elevane skal jamleg nytta prosesskriving som ein del av læringa og arbeidet med leseforståing.
- Elevane skal jamleg nytta varierte former for produktskriving som ein del av læringa og arbeidet med leseforståing.

Arbeid med ord:

- Kvar elev skal lære seg minimum 10 nye ord kvar veke. Orda kan vera ei blanding av høgfrekvente ord, fagord og andre ukjente ord elevane møter i tekster.
- Alle nye fagord og andre viktige ord skal arbeidast med munnleg/skriftleg ved hjelp av ulike læringsstrategiar.
- Elevane og lærarane skal bruke dei nye orda i ulike samanhengar, til dømes i diktat, målprøve, vekeprøve, munnleg og skriftleg arbeid.

- Lærarar på steget skal samarbeide om å velje ut nye ord til vekeplanen. Elevane skal kunne skrive, lese og forstå slike ord.

2.3. Å utvikle språkleg dugleik 8. – 10. trinn

Skriftleg dugleik:

- Elevane skal møte ulike sjangrar. Fagspesifikke sjangrar er faglærer sitt ansvar. Faglærer og elevar skal ha oversyn/liste over ulike aktuelle genre i faget.
- Elevane skal jamleg nytte læringsstrategiar som reiskap for å skrive seg til innsikt og kunnskap i alle faga. Faglærer og elevar skal ha oversyn/liste over ulike læringsstrategiar.
- Elevane skal jamleg arbeide med å utvikle evna til refleksjon gjennom skiving i alle faga.
- Elevane skal bruke prosess – og produktskiving i arbeidet med lesing.
- Arbeidet med å utvikle skriftleg dugleik skal dokumenterast i It's learning.

Munnleg dugleik:

- Elevane skal kvar veke bruke læresamtalen som ein måte å arbeide inn nytt lærestoff og fremje refleksjon. Elevane skal jamleg nytte læresamtalen i grupper og i par.
- Elevane skal ha individuelle framføringar minimum kvar månad.
- Læraren skal jamleg modellera munnleg forteljing og formidling.
- Elevane skal gje munnlege tilbakemeldingar til medelevane sine presentasjonar, minimum tre gongar i halvåret.

Å utvikle ordforråd:

- Elevane skal bruke fagspråk. Faglærer er ansvarleg for nye faguttrykk i sitt fag og for samarbeid for å utvikle elevane sitt ordforråd over faggrensar.
- Alle nye fagord og andre viktige ord og omgrep skal arbeidast med munnleg/ skriftleg ved hjelp av ulike læringsstrategiar.
- Elevane skal ha og utvikla si eiga ordbok.

- Elevane og lærarane skal bruke dei nye orda i ulike samanhengar, til dømes i det daglege, i munnleg og skriftleg arbeid og i presentasjonar.

DEL 3. Å KODE OM

Når elevane skal lære å kode om, anten det er å gå frå lyd til bokstavkombinasjon eller det er å tilpasse lesemåtar til sjanger, så handlar leseopplæringa i stor grad om at læraren må rettleie elevane. Dei treng rettleiing på fleire nivå i teksten (lyd og bokstav, staving, morfem, ord, setning, skiljeteikn og sjanger). Rettleiinga vil vere avhengig av eleven, trinn, opplæringsmål og den einskilde teksten som skal lesast. Desse kodingsprosessane skal vere så automatiserte at lesinga vert flytande.

3.1. Å kode om 1. – 4. trinn.

Plan for bokstavinnlæring.

- Kvar skule vel læreverk og rekkefølge og progresjon. Elevgruppa må vere utgangspunkt for dette valet. Kvar skule skal ha ein eigen plan for dette arbeidet.
- I opplæringa skal det leggjast hovudvekt på dei små bokstavane. Dei store vil bli presenterte parallelt.
- Kvar elev skal sjekkast grundig etter 5, 13 og 18 bokstavar og etter innlæring av heile alfabetet.
- I arbeidet med systematisk trening for elevar som ikkje har lært bokstavane med ein gong, skal læraren ta seg god tid, stoppe opp og få med seg heile gruppa. Det må lagast ein plan på skulen for korleis det skal jobbast systematisk med elevar som treng grundigare opplæring.

Rettleia lesing på alle trinn, i alle fag.

- Alle lærarar i Klepp skal ha kompetanse i og bruke "rettleia lesing". Det skal drivast strukturert "rettleia lesing" på alle trinn.
- Skulen skal nytte kartleggingsverktøyet "Leselos" som Lesesenteret har utvikla. I denne kartlegginga vil ein kunne sjå korleis den enkelte eleven sin kodingsdugleik er. Vidare vil ein ved hjelp av dette verktøyet kunne sjekke fart og intonasjon og om eleven les i samsvar med sjangerkonvensjonar og føremål.

- Elevane skal møte eit breitt utval av sjantrar. Kvar skule har sin eigen plan med utgangspunkt i eit eventuelt læreverk og kompetansemåla i kunnskapsløftet.

Vurdering av dugleik i koding.

- Alle skular skal kartlegge elevane gjennom kartleggings- og observasjonsmateriell: nasjonale kartleggingsprøver i lesing og Leselos. Det blir sett av tid til å øve på prøveformene.
- Erfaringane frå vurderinga skal føre til tiltak for eleven. Det blir sett inn strakstiltak, t.d. lesegruppe, når ein elev ikkje heng med.
- Det må leggjast vekt på eit nært samarbeid med føresette.

3.2. Å kode om 5. – 7. trinn.

Ord:

- Elevane skal meistre å lese ord etter morfem og stavingar.
- Elevane skal meistre å lese ord på bokstav-, sekvens- og på ordnivå; stavingar, endingar, konsonantsamansettingar, bindingar, ordkjeder, ordfamiliar, ikkje lydrette ord og samansette ord.
- Elevane skal lære dei 500 mest høgfrekvente orda.

Sjanger:

- Kvar skule set opp si eiga oversikt over kva sjantrar elevane skal gjennomgå på kvart steg.
- Alle elevane lagar seg ei A – Å bok, heksikon, sjangerlogg eller liknande når dei arbeider med sjanger.

Lese med flyt og intonasjon:

- Elevane skal kvar veke erfara modellesing av lærar, medelev og ved hjelp av lydbøker.

- Elevane skal veksle mellom å bruke korlesing, parlesing, veksellesing og repetert lesing i løpet av ei veke.
- Elevane skal jamleg øva på teiknsetjing for å kunne lese teksten med naturlege pausar og tonefall.

Vurdering:

- Elevane skal vise at dei forstår og kan bruka nye ord munnleg og skriftleg, t.d. faguttrykk, høgfrekvente ord eller andre ord dei møter.
- Det skal vere lesesamtale med den enkelte eleven for å kartleggje avkoding og forståing.
- Alle skular skal kartlegge elevane gjennom kartleggings- og observasjonsmateriell: nasjonale kartleggingsprøver i lesing, nasjonale prøver og Leselos. Det blir sett av tid til å øve på prøveformene.

Tiltak:

- Skulen må ha ein leserettleiar som ved hjelp av systematisk progresjon hjelper dei elevane som heng etter.
- Eleven skal møte tilpassa lesemateriell som motiverer med tanke på innhald, alder og dugleik.
- Alle skular bruker eigna og variert materiell, t.d. Aski Raski, til dei elevane som treng ekstra trening.

3.3. Å kode om 8. – 10. trinn.

Å kode om er å greie å gjere ei kopling mellom lyd og teikn. Vidare er det å sjå bokstavsekvensar, heile ord, meiningsberande einingar, setningar, avsnitt, større tekstbitar, heil tekst og sjanger.

Rettleia lesinga på alle trinn er eit ansvar for alle lærarar og faglærarar

- Elevane skal kunne lese, skrive og forstå dei fleste orda dei møter i tekstane.
- Elevane skal i det daglege arbeidet visa at dei meistrar ulike ordlesingsstrategiar.
- Elevane skal kontinuerleg arbeide med ordlesing og ordkunnskap i alle fag og på alle trinn.
- Elevane skal vise at dei meistrar ortografi, teiknsetjing, variert ordforråd og bruk av ulike setningskonstruksjonar med utgangspunkt i ulike tekstar.

Korleis sjekke/ sikre og vurdere elevane sine kunnskapar?

Eit ansvar for kontaktlærer/ norsklærer.

- Nasjonale prøvar (8. trinn)
- Kartleggingsprøve tilpassa 8.trinn ved skulestart.
- Kartleggingsprøve i lesedugleik på 9. trinn.
- Kartleggingsprøve frå 9. trinn blir brukt på 10. trinn for å sjå i kva grad det har skjedd framgang.
- Leselos

Tiltak for elevar som ikkje har forventa kompetanse:

- Dei som ikkje scorar forventa på kartleggingsprøva for 8.trinn, må utgreiast vidare med til dømes Logos. Kvar ungdomsskule skal ha ein ressurslærer (sertifisert) for å gjera slike kartleggingar.
- Nytte Leselos som reiskap for vidare arbeid med den enkelte eleven.

DEL 4. Å LESE MED FORSTÅING

Lesing krev eigenaktivitet, og derfor er det viktig at vi lærer elevane å vere aktive før, under og etter lesing. Vi må lære dei å lese strategisk då vi veit at elevar som nyttar ulike lesestrategiar når dei les, lærer meir og utnyttar kunnskapen sin på ein meir effektiv måte.

Skal elevane verta funksjonelle lesarar som forstår og bruker det dei les, er det nødvendig at dei les mykje, at dei les varierte tekstar, på ulike måtar og med ulike formål. For å møte leseutfordringane frå ulike tekstar, bøker, aviser, blader eller internett, er det viktig at elevane lærer seg å lese kritisk og strategisk slik at dei raskt klarer å vurdere om og på kva slags måte dei kan utnytte teksten dei har framfor seg.

Å lese strategisk er å bruke bevisste framgangsmåtar for å oppnå betre læringsprestasjonar. Ein lesestrategi kan vere alt frå å lese og lære eit nytt ord til å organisere og reflektere rundt innhaldet i ein tekst, (Lesing er.... Lesesenteret).

4.1. Å lese med forståing 1. – 4. trinn.

Å undervise i forståingsstrategiar er ein føresetnad for å utvikle elevane til strategiske lesarar.

Lesestrategiar:

På alle trinn skal det arbeidast med dei fem hovudstrategiane:

- Strukturere informasjon frå teksten. Til døme ved å bruke tankekart, kolonnenotat, VØL – skjema, Venn – diagram og styrkenotat.
- Stille spørsmål frå teksten. Til døme ved hjelp av tekst og tankespørsmål, spørjeord etc
- Gjengi innhaldet i teksten. Til døme ved hjelp av nøkkelord, tankekart andre strategiar.

- Gjenskape teksten, bruke teksten i nye samanhengar. Til døme gjennom de Bonos "Tenkende hatter", rollekort etc
- Analysere og vurdere teksten sitt innhald og form. Til døme gjennom sjangerlære.

Det må vere ein oversikt over strategiane som skulane bruker. Alle strategiar må introduserast og modellerast for elevane. Kvar og ein av strategiane må arbeidast med over tid og takast fram igjen med jamne mellomrom. Elevane må i innlæringsfasen og ved seinare arbeid få vite kvifor desse strategiane er så viktige for læringa deira. Elevane må ha ei visuell framstilling over alle læringsstrategiane som blir nytta i klasserommet.

Metakognisjon.

- Elevane skal dagleg lærast opp til å reflektere over eigen forståing og læring.
- Elevane skal dagleg jobbe med strategiar som kan hjelpe dei når dei står fast eller ikkje forstår.
- Elevane skal jamleg samtale om korleis dei lærer. Bruk gjerne MI og forskjellige forståingsstrategiar.

Korleis og når skal dette observerast?

- Kontinuerleg observasjon i det daglege arbeidet.
- Nytte Leselos

4.2. Å lese med forståing 5. – 7. trinn.

Å lese med forståing vil seie å kunne gjengi innhald, forstå, stille spørsmål til, reflektere over og dra linjer frå tidlegare kunnskap. Arbeid med lærings- og lesestrategiar gjer øving i dette.

Læringsstrategiar byggjer på ulike element. Desse er motivasjon, bakgrunnskunnskapar, aktiv læring, dialog, modellering, strukturering og organisering, og må ligge i botn når ein arbeider med dette.

Strategiar:

- Elevane skal dagleg lære å reflektere over tekst.
- Elevane må vere medvitne på kva strategiar dei kan bruke før, under og etter lesing.
- Elevane på desse stega, særleg på 7.steget, må minst eit par gongar kvart halvår få arbeide sjølvstendig med dei strategiane dei har lært.
- Skulen skal ha ein oversikt over kva strategiar som dei ulike stega set fokus på. Når elevane er ferdige med 7. steg, skal dei kunne bruke desse strategiane: tankekart / styrkenotat, nøkkelord, tokolonnenotat/ begrepskart og stille spørsmål til tekst.
- Læringsstrategiane skal brukast kontinuerlig, og ved innføring av ein ny strategi, skal alle lærarane kjenne til dette og delta.
- Læraren må variere bruken av dei ulike strategiane.

Observasjon:

- Alle elevane skal observerast med Leselos.
- Observasjonane skal nyttast til å betre det vidare arbeidet på steget og eventuelle tiltak til den enkelte eleven.
- Kontaktlærer skal ha hovudansvaret for at observasjonane vert utført.

Tiltak for elevar som ikkje har forventa dugleik:

- Elevar som treng det, får ekstra oppfølging for å lære seg strategisk lesedugleik.
- Kvar skule skal ha ein ressurslærer (sertifisert) for å gjera kartleggingar.

4.3. Å lese med forståing 8. – 10. trinn.

I Kunnskapsløftet står det at ein elev på tiande trinn skal kunne bruke lesestrategiar variert og fleksibelt i lesing av skjønnlitteratur og sakprosa. Vidare kan vi lese at ein elev på tiande trinn skal kunne tolke og vurdere ulike formar for samansette tekstar. For å nå desse måla må arbeidet starta allereie på åttande trinn.

Lesestrategiar:

- Start åttande trinn med å sjekke kva strategiar elevane har inne, d.v.s. gjennomføre kartlegging.
- Bruke Leselos som kartleggingsverktøy i starten av kvart skuleår.
- Repetere/ vidareføre strategiar som er innøvde på barnetrinnet. Barnetrinnet må ha gjennomgått fire av dei fem hovudstrategiane. Å strukturere informasjon, stille spørsmål ut frå tekst, gjengi innhald, gjenskape tekst. Dersom dette ikkje er gjort, skal barneskolen få tilbakemelding om det.
- Elevane skal jamleg få trening i å analysere og vurdere form og innhald i tekst.
- Elevane skal lære å reflektere. Dette må læraren setje av tid til i det daglege arbeidet.

Metakognisjon:

- Elevane skal i det daglege få trening i og tid til å reflektere over det dei les og over korleis dei kan lære.
- Elevane skal dagleg jobbe med strategiar som kan hjelpe dei når dei står fast eller ikkje forstår.
- Elevane skal jamleg samtale om korleis dei lærer. Bruk gjerne MI og forskjellige forståingsstrategiar.

Å undervise i forståingsstrategiar:

- Jamfør punkt om før- og leseforståing i Leselos

Korleis og når skal dette observerast?

- Elevane skal observerast i løpet av skuledagen gjennom det daglege arbeidet.
- Kartleggingsverktøyet Leselos skal nyttast.
- Nasjonale prøver på 8. trinn
- Kartleggingsprøver på 9. trinn

Tiltak for elevar som ikkje når kompetansemåla.

- Bruke Leselos for å avdekke område eleven ikkje meistrar.
- Kvar skule må etter behov organisere tiltak til dømes: lesegrupper på tvers av trinn, lesekurs, oppfølgingstiltak på enkeltelevar, leselærer som går frå elev til elev, klasse til klasse og arbeider med lesing med enkeltelevar.

Klepp, 28.05.2010